

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 16. mai 2019 10:18
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 19/2019, 16. MAI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 19/2019, 16. MAI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

Alle tilsette og studentar blir med dette ønska ein god 17. mai!

17.MAI: FØLG HØGSKULEN I FOLKETOGET

Høgskulen stiller med fana i folketoget – og det startar kl 15.30 frå Volda omsorgssenter (sjukeheimen). Vi er nr 17 og skal gå etter Volda Skulekorps. Per Johan Ramsli frå Fellesadministrasjonen har det ærefulle oppdraget som faneberar i år. Oppdraget alternerer mellom einingane på høgskulen og dei siste åra har turnusen vore slik: 2015: AKF, 2016: AMF, 2017: AHL, 2018: ASH, 2019: FADM.

17. MAI (2): HUSK ALKOHOLFORBODET I FOLKETOGET

Hjartesukk frå rektor: Å drikke alkohol i 17. mai-toget er ikkje greit. Eg håper tilsette og studentar som går bak HVO-fana held seg for god til det og hjelper kvarandre med å seie frå om nokon skulle dukke opp med ei ølboks.

17. MAI (3): NASJONAL FESTKONSERT MED SYMFONIORKESTERET OG ANNAR FOLLESØ

Som så mange gonger før held Symfoniorkesteret nasjonal festkonsert i Volda kyrkje 17. mai. Konserten tek til kl 20.00 og på programmet står blant anna Ole Bull sin fiolinkonsert nr 1 og med Annar Follesø som solist. Dirigent er høgskulens eigen Elizabeth Oltedal.

<https://www.hivolda.no/kulturfag/festkonserten-prikken-over-en-pa-nasjonaldagen>

HVO OG ASH SÆRLEG OMTALA I STORTINGSMELDING OM FOLKEHELSE

Helse- og omsorgsdepartementet har lagt fram ei ny stortingsmeldinga om folkehelse: Meld. St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldinga - Gode liv i eit trygt samfunn. Det er kjekt å sjå at faglege bidrag frå Høgskulen i Volda har fått brei omtale i kapitlet "Nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling", og det er særleg ein evalueringsrapport av kommunalt folkehelsearbeid som har fått brei omtale i stortingsmeldinga. Sluttrapport frå evalueringsprosjektet kjem om nokre veke.

Her er stortingsmeldinga: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/sec3#KAP5-1>

Her er evalueringsrapporten, som er utgitt i HVOs skriftserie: <https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmliu/handle/11250/2505562>

SYMJEHALLEN BLIR STENGT

Symjehallen i Idrettsbygget ved Høgskulen i Volda blir stengt - truleg for alltid. Dette er den triste konklusjonen etter at Statsbygg har fått ei Tilstandsvurdering og ei Risikovurdering frå konsultentselskapet Rambøll. Det var tidlegare rekna med at symjehallen kunne halde det gåande nokre år til, og høgskulen har hatt leigeavtale med Statsbygg fram til 2020. Volda kommune bad tidlegare i år om ei vurdering av kva som kunne gjerast for å forlenge levetida til symjehallen. Statsbygg leigde difor inn konsultentselskapet Rambøll for å få gjort denne vurderinga, men konklusjonen var altså at det stod verre til enn ein har trudd tidlegare. Symjehallen vart dermed stengt på dagen måndag 13. mai. Symjehall-delen av Idrettsbygget vil seinare bli riven og resten av huset blir ombygd og tilpassa slik at idrettshallen, garderober og andre rom kan brukast også i framtida. Symjehallen vart opna i 1960 og var eitt av dei aller første idrettsanlegga som vart bygd ved hjelp av spelemidlar (tippemidlar) og var også det første 25 meters

bassenget mellom Bergen og Trondheim. Symjehallen har truleg vore ein av dei aller eldste i landet som framleis er i bruk. <https://www.hivolda.no/nyhende/ny-tilstandsrapport-symjehallen-volda-ma-stengast>

KJEMPESTOR INTERESSE FOR PSYKISK HELSE: FAGDAG SAMLA CA 140 DELTAKARAR

Fagdag om psykisk helse med professor em. Arne Holte viste seg å vere eit svært interessant arrangement for mange tilsette ved Høgskulen i Volda og frå andre stader. Det melde seg ca 140 deltakarar på fagdagen som også vart strøyma på video.

<https://www.hivolda.no/nyhende/fagdag-om-psykisk-helse-trekte-full-sal>

NASJONAL SPØRJEUNDERSØKING OM TRAKASSERING FRÅ 20. MAI

Høgskulen i Volda deltek i Universitetet i Agder (UIA) si nasjonale undersøking av omfang på mobbing og trakassering i høgskule- og universitetssektoren. Kartlegginga blir gjennomført gjennom spørjeskjema til alle tilsette på institusjonane som deltek i undersøkinga, og tilsette får e-post om deltaking 20. mai, som er nokre veker forsinka i høve til planen.

<https://khrono.no/kartlegging-reichert-seksuell-trakassering/12-har-sagt-ja-til-a-vaere-med-pa-felles-kartlegging-av-seksuell-trakassering/255378>

TILSETTE-KANDIDATAR TIL HØGSKULESTYRET: KANDIDATANE HAR PRESENTERT SEG

Dei 17 nominerte tilsette-kandidatane til høgskulestyret har no kome med eigenomtale og tankar om kva dei vil bidra med i styrearbeidet. <https://www.hivolda.no/val/tilsettrepresentantval/tilsettrepresentantval-2019>

REISEVANE-UNDERSØKINGA HELD FRAM TIL 18. MAI

Volda og Ørsta kommunar ønskjer å utvikle og styrke kollektivtilbodet i området og Høgskulen er også med på dette samarbeidet. Kommunane har i samarbeid med fylkeskommunen starta eit eittårig prosjekt for å kartlegge og kome fram til tiltak for å betre kollektivtilbodet. Dette kan også tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda bidra til ved å delta i ei spørjeundersøking om jobb- og fritidsreiser og kva behov ein har eller ser. Undersøkinga går i tida 6.-18. mai og tek ca 5 minutt å svare på. Du deltek ved å klikke på denne lenkja og svare på spørsmål i Questback:

<https://response.questback.com/mreogromsdalfylke/dksfsv8ghw>

PÅMINNING: FRIST FOR PENSUMLISTER: 15. MAI

Som for dei siste åra er det 15. mai som er frist for å få på plass pensumlister for hausten 2019. Nedanfor står nettside med oversyn over pensumlister. Emne med innkomne pensumlister er markerte med lenke. Det er veldig bra at mange pensumlister alt er inne!

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/pensumlister/pensumlister-2019-host>

RETTING: SOLRIK APRIL: STOR STRAUMPRODUKSJON PÅ SOLCELLENE

April 2019 vart ein solrik månad i Volda, og det viste også igjen på straumproduksjonen på solcellepanelet på taket av Berte Kanutte-huset. I april 2019 vart det produsert 16,3 MWh, og det var faktisk fjerde beste månad sidan cellene vart tekne i bruk i juli 2017. Beste månad så langt var mai 2018 med 20,85 MWh.

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

PS: Rettinga går ut på at i nyhendebrevet i førre veke stod det kWh ... men den rette eininga er MWh ... altså tusen gonger meir. Takk til vakne realister som gav beskjed om feilen!

KANDIDATAR I TUSENTAL: KANDIDATPRODUKSJON FRÅ HØGSKULEN I VOLDA 2009-2018

Studiedirektør Gonnie Smit har lagt fram statistikk over kandidatproduksjonen dei siste 10-åra (2009-2018). Tala viser blant anna at 525 studentar fekk sine mastergrader frå Høgskulen i Volda. Det vart til saman utdanna 1.921 lærarkandidatar fordelt på mange ulike løp: PPU, barnehagelærarar, allmennlærarar og GLU-kandidatar. Vi har uteksaminert over 900 sosionomar og barnevernspedagogar. Vi har utdanna til saman 2.782 bachelorkandidatar og av desse 469 journalistar.

For mange utdanningar vart 2018 det beste året dei siste ti åra når det gjeld tal uteksaminerte kandidatar: På sosionom vart det 71 utdanna kandidatar i 2018, på barnehagelærar var det utdanna 53 kandidatar i 2018, 27 fekk sin bachelor i PR, kommunikasjon og media og 29 på Planlegging og administrasjon. Også på master samla sett var det rekord i 2018 med 69 som fekk sin mastergrad. Det var fleire på eitt år enn nokon gong tidlegare i høgskulens historie.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>
17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>
24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya
7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda
13.6.2019: Styremøte nr 3/2019
17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>
19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020
25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.
30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>
31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen
19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no



Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

